

Sak	<b>Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	<a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a>
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
<b>Kap 2</b>	Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?
<b>Kap 3</b>	<p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p>
<b>Kap 4</b>	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</p> <p>Er prinsippa for smale eller for vide?</p>
<b>Kap 5</b>	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering? Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? Er det utval eller liknande som manglar?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
Utsendar	Prosjektsekretariatet

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Høyringsinstans (svarar)	Utdanningscenteret (studieadministrasjonen), Høgskolen Stord/Haugesund
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Høyring sendt på e-post til alle tilsette i avdelinga. Allmøter i avdelinga, eitt på kvar studiestad.
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 5</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
	Toppleiinga bør ha med to leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar.
Andre merknader	<p>Me er klar over at administrativ organisering skal omtalast i ein eigen rapport som snart kjem på høyring, men ettersom arbeidsgruppa fleire stader i denne rapporten fører argument for administrativ organisering nyttar me høvet til eit kort innspel om dette.</p> <p>Me registrerer at rapporten legg vekt på at fakulteta i størst mogleg grad bør drifte sine egne administrative tenester. Mellom anna vert det sagt at «Vi tilrår (...) at kvart institutt skal ha eigen administrasjon for dei studentnære tenestene» (s. 2). Det er sjølv sagt fordelar med eit stort administrativt apparat organisert på fakulteta – fordelar me meiner rapporten i stor grad legg vekt på. Me meiner at arbeidsgruppa i mindre grad vurderer desse fordelene opp mot alternativet med fellesadministrasjon, og vil difor peike på nokre viktige moment me rådar arbeidsgruppa til å ta med for å få ei meir balansert framstilling.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dersom ein ser dei administrative tenestene i ein heilskap på kvar enkelt studiestad, vil ein i større grad få ei fleksibel og samstundes robust, effektiv og mindre sårbar organisering.</li> <li>• Eit samla administrativt fagmiljø vil levere tenester med høgare grad av likehandsaming og ha betre tilhøve for kompetansedeling.</li> <li>• Oppgåvene som skal utførast må sjølv sagt stå i sentrum, og gjennom avklarte og definerte roller vil fakulteta få tilpassa tenester dei treng frå ein fellesadministrasjon fordelt direkte der dei treng dei.</li> <li>• HVL vil få ei organisering med fem studiestader og sannsynlegvis minst to fakultet på kvar studiestad. Med administrative tenester fyrst fordelt til fakulteta og deretter ut på studiestadane, vil organisasjonsmatrisa bli langt meir komplisert samanlika med administrative tenester samla i fellestenester.</li> </ul>